



Lars Jostein Almås med ei stor fisk han fekk i fjor. I år har han fått ein endå større.

Etter at første veka med fiske er unnagjort i Uskedalselva, er det meldt inn ein fangst på godt og vel 60 kg. Det er teke fleire store fiskar, og den største til no vart fiska av 10,5 år gamle Lars Jostein Almås frå Stord som har fast ferieplass på Øyro Camping saman familien. Ungguten som er ein rutinert fiskar, fekk ein laks på heile 8,2 kg.

Trass i sin unge alder har Lars Jostein Almås alt fiska mykje. I fjor fekk han fleire fine fiskar i Uskedalselva. Den største var 5,6 kg.

Det er også rapportert inn fleire andre store fiskar den første veka. Både Einar Vikanes og Jon Helge Garvik Arefjord har fått laksar på 7 kg. Almås og Vikanes fekk sine storfiskar på mark på Haugland, medan Arefjord fiska med floge og fekk fisken i Kleshølen.

Lista over innrapportert fangst tyder på at det er tilreisande som har vore flittigast i elva og har hatt beste fiskelukka no i starten. Jone Rørheim Kjærland er den uskedelingen som har fått størst fisk, - ein fin laks 3,4 kg som han fekk på Haugland.

I fjor var største fisken som vart tatt 11 kg. Ole Martin Gilbu fekk den.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland